



ATLØYS VENNER

ÅRSMELDING 2017

Maskindagboka fortel at hovudmaskina har gått om lag 430 timar i 2017. Maskina gjekk bra, forutan ein driftstans undervegs til Fjordsteam i Stavanger då reima på blåsar slitna på grunn av ubalanse. To blåsarar er no overhalt på Rubbestadneset, Tetninga av endelokka på blåsarane vart då forandra og det er sett inn simmering i staden for fjøyrting. Reserveblåsaren er lagra på Westcon og tre nye reimer kjøpt inn. Boltane på eksosmanifol var brotna, og vi hadde eksoslekkasje. Dette er no reparert og eksosen er tett. Vi hadde dessutan litt problem på sikkerhetsventilen på reversering. Denne er skifta og fungerer no bra. Luftkompressor til start klarer ikkje å opparbeide nok trykk, og tetningsplata er no (april 18) til maskinering. Om problema skuldast utslitte sylindrar kan det hende det må kjøpast ny, men målet er å redde den gamle som har stått i sidan 1963.

Vår 17 vart det skifta dekksp plank rundt lasteluka, og frå lasteluka til salongnedgang. Salongnedgang er stelt og malt opp, og ny lyre er på veg inn. Teak er slipt og lakkert, og bord i nedre kant har vore av og er stelt. Alle dører i forskipet er slipt og lakkert. Det er laga nytt lysarrangement i lasterommet, og heile rommet er vaska og stelt.

Styret har ikkje hatt møter i 2017. Det er sendt ut ein medlemsinfo pr. post saman med kontingenten. Heimeside vert oppdatert for lite, facebookside oftare. Julebord vart i år på Samfunnshuset.

TURAR

Sesongen vart rimelig bra, og for å spare mannskapet bestemte ein seg tidleg for ikkje å gå lange periodar til Bergen. M/S Atløy gjekk ut av dokk rett over påske, og gjekk først til Måløy som losjiskip for dei av mannskapa som skulle kursast. Deretter nokre turar lokalt, mellom anna med Morgan-Klubben. Etter sein pinse bar det 4. juni til Bergen, før vi var heime igjen til Sildebordet. Lokale turar gjennom sommaren, før det var Fjordsteam i Stavanger i starten av august. Ny, liten tur til Bergen 24-26 august. Planen var 9 dagar for Sykkel VM i september, men dette kollapsa heilt. I november bar det på land. Sesongstart 21/5 og vi har hatt drift 53 døgn. Det var ingen Hardangertur, heller ikkje ONS eller Fjordaferd. Totale leigeinntekter hamna på 570.000, opp 245.000,- frå 2016.

ØKONOMI

Trass nokre tunge år er økonomien i laget god. Totalt hadde Atløys Venner driftsinntekter på 211.128, om lag som 2016. Inntektene skriv seg frå sal om bord, renteinntekter og kontingentar. Etter fråtrekk for utgifter set vi att med 123.700,- , om lag 90.000,- opp frå 2016. Ved årsskiftet hadde Atløys Venner 1.285.000,- på konto, og vi har framleis 786.000,- uteståande hos Veteranbåtlaget, dvs at beholdninga er om lag 112.000 høgare enn ved utgangen av 2016.

Alle inntekter og utgifter til drift av båten, vedlikehald og restaurering går over Veteranbåtlaget Atløy sin rekneskap. Veteranbåtlaget gjekk 122.139,- i pluss i 2017, opp over 1,05 mill frå 2016, etter 570.338,- i leigeinntekter. Riksantikvaren overførte 630.000,- frå løyving 2016 til restaurering

Atløys Venner har som formål å drive M/S Atløy og halde henne i Florø. Vi samarbeider eigar Veteranbåtlaget Atløy og Kystmuseet i Sogn og Fjordane. Alt arbeid er på dugnadsbasis, og vi har lagt ned over 300.000 timar sidan 1995.



ATLØYS VENNER

gjennom Veteranbåtlaget Atløy. Veteranbåtlaget brukte 341.982,-, men fekk ikkje overført resten til 2018, slik ein hadde forventa. Fylkeskommunen / SAVOS ytte 200.000,- som var svært kjærkome, og første løyving på mange år.

DUGNAD

M/S Atløy låg også denne vinteren inne i dokka til Westcon.

Pr. 31.12. fordeler dugnaden seg slik;

Mannskapsdugnad	2.592 timar
Møter, rekneskap, sal og administrasjon	230 timar
Dugnad på slipp/verkstad	5.455 timar
Totalt	8.277 timar

Utover arbeid på verft er det ikkje betalt arbeidspengar til drift eller vedlikehald. Det er rekna 12 timar dugnad i døgnet dei periodane folk var om bord heile døgnet

OPPSUMMERING

Verdien av dugnad utført av Atløys Venner ligg på omlag 2.609.932,-. Timesatsen er sett til 190 kroner for vanleg arbeid, og 385 kroner for arbeid som erstattar hjelpearbeidar på verft/lønna sertifiserte sjøfolk. Atløy kunne heller ikkje segle inn omlag 570.000 utan vår frivillige innsats.

Arbeidet med restaurering går bra, vår største utfordring er mannskap. Forholdet til Riksantikvar, Skipskontroll og andre faglege instansar er godt. Vi kjenner ingen større svakheiter med båten utover det som framkjem i restaureringsplanen.

Florø 07.05.2018
Styret